

Referat frå musikknettverkssamling på Fagernes, 08.–09.11.23

Dag 1

Samlinga starta med runde rundt bordet for deling av status på dei ulike musea og arkiva.

Frå presentasjonsrunden:

- Åsmund: Student ved NMH, men representerer òg ei privat trommesamling som tilhøyrer ein som arbeider med NMH.
- Hans Olav: Snakka kort om Gurvin-samlinga som kom på 1970-talet, ca. 470 instrument. Er no i NMH sitt nybygg på Majorstua. Samlinga er publisert på Digitalt Museum, men kvaliteten er variabel – viktigast å få det ut. Delvis utstilt på biblioteket, men montrane er svært dårlege.
- Eirin: Er materialkonservator (fagfelt måleri). I tillegg til konservering arbeider ho med arkiva til museet. Totalt 178 musikkinstrument registrert i Primus.
- Knut: Representerer Gudbrandsdalsmusea, der han byrjar som avdelingsleiar frå nyttår. Museet arbeidar ikkje berre med musikken og musikkinstrument frå området, men t.d. òg med gjenreising av stova til Fel-Jakup. Dei er òg svært opptatt av den immaterielle kulturarven og korleis musea kan arbeida med denne.
- Frank: Folkemusikkarkivet består av ca. 16 000 enkeltkutt. Oppmodar til å ta ein kikk på langeleikutstillinga, men òg den nye utstillinga i første etasje der det m.a. er stilt ut ein del eldre hardingfeler. Nemner felemakarverkstaden der dei no òg produserer Rudi-strenger.
- Stein: Jobbar hovudsakleg som formidlar, men òg delvis som folkemusikkarkivar, ved Mjøsmuseet. Har stort sett drive formidling retta mot skulane, der han òg har hatt med eldre folkemusikkinstrument (m.a. frå instrumentbyggargruppa til Gjøvik Spelmannslag). Basis for arkivet er innsamlingane Gjøvik Spelmannslag gjorde frå 1977 til 1987, men Stein har supplert litt etter kvart. Mjøsmuseet har ca. 40–50 musikkinstrument, nokre langeleikar, men mest instrument frå «fiffen», m.a. ein Tielke-Gambe. Er nokre interessante private instrument i nærområdet, som museet håpar å få samla inn etter kvart. Nemner òg utstillinga om Gjøviks musikkhistorie på Vitensenteret. Utstillinga heiter «Lydbølgen». Tykkjer det er viktig å leika seg med instrumentbygging og introdusera dette for ungar, med håp om at nokon kanskje vil satsa som instrumentbygger på sikt.
- Leif Ingvar: Hedmark musikkarkiv som er lokalisert på Glomdalsmuseet, Anno. Arkivet vart etablert i 2011, men Glomdalsmuseet hadde alt store notesamlingar og Nord-Europas største samling av skillingstrykk (ca. 6500?). Men berre 230 av desse visene er norsk-trykte. Mykje er digitalisert og ligg tilgjengeleg frå nettsidene deira. Har ein del instrument i samlingane, men ikkje alle har like god oppbevaring. Gir innimellom ut plater med arkivmateriale og i år ei notebok saman med Olav Sæta. Har nokre filmopptak, men alt er tatt opp av Leif Ingvar frå 2011 og framover. Lydopptaka er stort sett frå tidsperioden 1950–1980. Av andre satsingsområde kan nemnast musikken til Vidar Sandbeck.
- Maren: Arbeider mest med skogbrukshistorie, men har òg arbeidd mykje med trekkspelsamlinga etter Ottar Akre. I tillegg nemner ho Kirsten Flagstad-museet som er del av Anno. Arbeider no med eit prosjekt for å få meir musikk inn i formidlinga av museumstuna, men manglar kompetanse på kva type musikk som passar inn i dei ulike husa og tuna.

- Åshild: Har ca. 30 000 lydskutt i arkivet + film og foto. Har ei fast instrumentutstilling, men byrjar å verta gamal og ønskjer å remontera denne. Er ca. 100 instrument i samlinga til museet. Ønskjer å gjera noko rundt instrumentmakartradisjonen, særleg med tanke på sjøfløytetradisjonen i Numedal, Kraviklyra og kanskje noko om felemaking.
- Sveinungn: Om Ringve sitt arbeid med instrumentbygging: Instrumentmakarhjørnet i Lydspor, instrumentmakarverkstaden til Odd P. Jacobsen, dokumentasjon av Magnar Storbækken sin verkstad. Ole Bull Akademiet bidrar om sommaren. Snakka òg om andre aktuelle prosjekt.
- Ole nemner Nasjonalmuseet som no har fått ein direktør som er utdanna musikal, og har arbeidd meir med musikkfeltet dei seinare åra. Kanskje mogleg med fleire samarbeid der?

Arnfinn utfordrar på kva nettverket skal vera:

Moment frå diskusjonen:

- Fordeling av ansvarsområde mellom deltakarane? Kan me ta eit større ansvar for det immaterielle, kanskje særleg knytt til instrumentbygging? Kan me kartlegga litt kven som er gode på kva innan dette feltet og korleis me kan jobba godt saman.
- Hadde det vore mogleg å peika seg ut nokre satsingsområde?
- Kanskje satsingsområde over litt kortare periodar, t.d. toårig? Då får me spissa arbeidet vårt litt, utan at me låser oss over tid og risikerer å mista medlemmar i nettverket.
- Breidda i kompetansen er særleg interessant – at me er forskjellige og kan la seg inspirera av kvarandre.
- Utviklingsmiddel frå Kulturdirektoratet – kan me søka der om middel til aktiv samhandling?
- Få oversyn over kompetansen i nettverket – korleis me kan bruka kvarandre sin kompetanse, men kanskje òg samarbeid når det gjeld innsamling slik at me unngår mykje dublettar og heller kan spissa oss noko meir.
- Kan gjerne laga ein idébank, t.d. dokumentasjon av musikkinstrument og få laga tekniske teikningar, t.d. kopiar? Rijksmuseum i Amsterdam har nyleg gjort ein svært grundig dokumentasjon som òg har ført til kopiar for spel.
- Vedlikehald av instrument kan vera ein fin måte å koma i gang, både for å nå potensielle instrumentmakarar, men òg museumsbransjen og handverksmiljøa. Viktig å inkludera miljø utanføre museumsbransjen.
- Å driva rekruttering til handverk ligg ikkje direkte i musea sine mandat, men det vil truleg opplevast positivt om musea aktivt deltar i dette.
- Dersom ein har eit profesjonelt fagmiljø med mentorordning, er det lettare å få til ulike satsingar ved musea. Har m.a. hatt Ottar Kåsa inne og halde enkle vedlikehaldskurs for musikalrar og andre interesserte.

Åshild Wetterhus: Folkemusikksenteret som Artist in Residence

- Folkemusikksenteret etablert i 1995 (i eit bygg frå 1922 flytta til museumsområdet)
- UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv: Ligg i avtaleteksten at denne skal sidestilla med den materielle, men skjer det i praksis?
- Folkemusikkarkivet: Ca. 30 000 lydspor. Digitalisering av spoleband er ein hovudprioritet.
 - Formidling: Folkemusikkverkstad (retta mot skulane), talentskolen for unge hardingfele- og vokalutøvere (samarbeid med Folkemusikkveka i Ål der dei har avslutningskonserten sin – har nyleg òg utvida med noko langeleik), Artist in

Residence (frå 2019), Barne- og ungdomssamling kvar haust, konsertar, m.m. All aktivitet er basert på ekstern støtte, så ho må årleg skaffa ca. 600 000 til dette arbeidet.

- Artist in residence:
 - Guillermo Rizzotto (argentinsk gitarist som var på besøk februar 2023). Prosjekt: «Playing with ancestors» - tolking av gamle arkivopptak. Har mellom anna arbeid med opptak etter Jørun(?) Aasland som lokkar.
 - Margit Myhr: Hadde eit opphald i 2019 (prosjektet «Sviv»), men jobba òg med ein filmproduksjon i 2022.
 - Sigbjørn Rua og Hege Johnrud – filmproduksjon med dans
 - Har òg laga ein film med instrumentmakar Sverre Heimdal (ligg på Youtube!)
 - Sverre starta med bygging av hardingfeler, før han bygde ein del sjøfløyter, men dei seinare åra har det vorte mest Kraviklyrer. Han fekk m.a. «arva» ein del verktøy etter Nils Stuvstad og nokre fløyteemne etter han, som vart starten på Sverre si fløytemaking.

Frank Rolland: Om folkemusikkformidling ved Valdresmusea

- Satsingsområde ved museet er folkemusikk, folkedans og musikkinstrument knytt til lokalhistoria. På nokre område har dei òg nasjonalt ansvar, då særleg knytt til institutt for bunad og folkemusikk, men òg folkemusikk.
- Når dei tilsett ungdommar som sommarvertar, ønskjer dei brei instrumentering i tillegg til dansarar som kan dansar springar og halling.
- Torleiv Bolstad vart tilsett som folkemusikkinstruktør ved Valdres folkemuseum på 1960-talet og var med og bygde opp folkemusikkarkivet. Bolstad har sjølv bidratt med 200–250 unike slåttar i arkivet (ca. 750 opptak inkl. duplikatar).
- Instrumentmakarverkstaden opna i 1981 med Olav Viken som instrumentmakar.
- «Folkemusikk Ung» - rekrutteringsprogram til folkemusikken, òg med tanke på framtidige sommarvertar.
- Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko (inkl. mini-strunken) brukar folkemusikkarkivet aktivt.
- Endring i formidlinga for nokre år sidan frå vekt på formidling av historia til vekt på folkemusikken som kvardagsaktivitet i dag.

Dag 2

Dan Lundberg: Om formidling av musikk- og musikkinstrument ved Scenkonstmuseet

- Manglar eit tilsvarande nettverk som Musikknettverket i Sverige.
- Presenterer historikken til Scenkonstmuseet frå utgangspunktet i Konst- industriutstillingen i Stockholm 1897 og stiftinga av Musikhistoriska museet frå 1899.
- Statens musikkverk er samansett av «Musik- och Teaterbiblioteket», «Caprice Music», «ems» (elektronmusikk-studioet), «Scenkonstmuseet» og «Svenskt Visarkiv».
 - Målet er at alle einingane i Musikkverket skal ha minst to samarbeidsprosjekt gåande med nokon av dei andre einingane.
- Formidling på Scenkonstmuseet:
 - «Barockmusikk får nytt liv på Scenkonstmuseet»

- «a Palmgren: dansar arkivet» - arkivmateriale vert levande dans på Scenkonstmuseet
- Karl Tiréns jojksamling – planlegg eit prosjekt rundt denne samlinga som no er ferdig digitalisert. Dei ønskjer òg å få denne inn på verdsarv-lista til UNESCO.
- Tar i mot besøk i magasinet, inkl. instrumentmagasinet, men i 2022 var det berre 13 besøk der (har i snitt 15 besøk per år). Får mest besøk frå forskarar og instrumentbyggjarar – dei siste åra òg fleire som ønskjer å undersøka «elektronmusikinstrument». Kjem sjeldan studentar. Kan kontakta Scenkonstmuseet om ein ønskjer eit besøk der (òg sjølv om ein er åleine og ønsker å undersøka noko). Tykkjer det er synd at ikkje fleire forskarar kjem på besøk og ønsker å undersøka samlingane deira. Ønskjer å få digitalisert og tilgjengeleggjort alt i magasina, men er diverre lite ressursar til dette. Har ein ekstra million per år til digitalisering dei neste tre åra, men er eit stort arbeid.
- Utlån av gjenstandar: Berre til institusjonar, men både statlege og private.
- I skildringa av samlingane er det mykje vekt på instrumentmakarane og konstruksjonen. Burde i større grad kompletterast med kontekst og sosial samanheng.
- Viser bilete frå samlingane: har svært mykje trekkspel m.a. frå Hagström-fabrikken, men òg mykje strykeinstrument og klaverinstrument. Dei har òg fire saksofonar, ein heil kvartett, laga av Adolph Sax på 1860-talet. Han tykkjer det er synd at desse ikkje kan brukast i det heile, då ein konsert på desse ville vore ein «verdsensasjon» og ville tilført mykje til historia. Men den eine saksofonen er i dårleg stand og må i så fall gjera ein del med.

Hans Olav Gorset: Tilgjengeleggjering av NMH si samling – spel, lån, musikarar og forskarar

- Gurvin- og Lindeman-samlinga vart i utgangspunktet gitt til Oslo kommune, men gav denne etter kvart vidare til NMH på 1970-talet.
- NMH har ikkje noko budsjett til museal verksemd, t.d. utstilling, vedlikehald, m.m. Det gjer òg at instrumentsamlinga ofte vert gløymd i planane til NMH, og Gorset har hatt ansvar for å passa på desse. Det òg diskusjon rundt bruken av arealet der instrumenta er utstilt, då biblioteket ønskjer å bruka det. NMH har per i dag ingen som tar seg av instrumenta, men Gorset hjelper endå noko til (trass i at han gjekk av med pensjon for to år sidan). Utstillingstekstane er òg svært utdaterte (frå 1976) med tanke om nemningar på både instrument og geografiske område.
- Dei har eit magasin i kjellaren der musea har det ok, sjølv om det manglar litt oppgraderingar.
- Har hatt gode samarbeid med Ringve og andre museum, og lærer mykje av desse.
- Utstillingane er opne i biblioteket si opningstid.
- Som fløytist er han litt på begge sider av diskusjonen museumstilsett/utøvar når det gjeld tilgang til museumsinstrument.
- Hans Olav nemner at dei stadig får nye instrument:
 - Hans Olav nemner at NRK nyleg gav dei mange interessante folkemusikinstrument som «hang i gangane deira». Bør kanskje spørja kva dette er? Det kan vel ikkje vera snakk om instrumenta på Marienlyst?

Vegen vidare for musikknettverket:

Arnfinn har sett opp enkelt forslag til prosjektskisse for eit første fellesprosjekt der me kan søka middel. Han presenterte denne og fekk ein del innspel frå salen:

- Kan me inkludera fleire lag- og organisasjonar utanføre musea, for slik å visa samfunnsnytta.
- Også viktig for å minna oss sjølve om at ikkje alle har det «museale» perspektivet på samlingane våre og kva ein ønskjer av tilgjengeleggjering av desse. (men dette handlar vel òg om vern av den immaterielle kulturarven utanom musea og korleis me kan bidra til det?)
- Kan musea i større grad òg ta ansvar for opplæringa? Då tar me eit stort samfunnsansvar, t.d. i samarbeid med Hjerleid Handverksskole.
- Samhandling, samfunnsansvar og verdiskaping er viktige ord her, kanskje òg næringsutvikling (for handverkarane og muskarane). Kan me òg laga noko som faktisk kan vera ein modell for fleire framtidige prosjekt, som kanskje òg kan brukast av andre miljø? Overføringsverdi.
- Kven sin kulturarv er det me snakkar om? Kanskje få inn noko om inkludering her òg?
- Kunne vore interessant å inkludera nokre samiske museum, ettersom dei gjerne har eit litt anna syn på immateriell kulturarv.
- Opplever at pakkane glir svært over i kvarandre, t.d. 1 og 2 (kunstig skilje?). Korleis jobbar me med desse pakkane i praksis? Finst andre nettverk som har heile 13 arbeidspakkar (kvinnenettverket), der ansvaret er fordelt utover medlemsinstitusjonar i nettverket.
- Tykkjer me skal tenka litt meir på samarbeid over landegrensene, t.d. til Sverige, kanskje særleg når det gjeld det samiske (som jo er grenseoverskridane i seg sjølve).
- Bør kanskje ha eit blick til nasjonale minoritetar generelt?
- Ønskjer seg informasjon om andre nordiske samlingar med tanke på å læra av kvarandre og vurdera moglege tematiske samarbeid.
- Kunne nordisk instrumentseminar i større grad vorte eit samarbeidsforum, slik det opphavleg var tenkt?
- Kunne gjerne tenkt seg tettare nettverkssamarbeid med Sibeliusmuseet, som har måtta nedskalera når det gjeld konserveringskompetanse og sikkert ville hatt god nytte av eit slikt nettverk.
- Vegen vidare for ev. søknad:
 - Arnfinn ønskjer at Ringve/Rockheim i første omgang jobbar litt internt for å få fram eit meir konkret forslag, som så kan diskuteras vidare i ei arbeidsgruppe med medlemmar frå nettverket.